

Mal apropos og post scriptum:

Ruteinspektøren har rødlakkert ruta fra Nerskogen til Jøldalshytta, lagt opp en ny rute fra Ås i Tydal over Svensklægertjern til Nøsteråen — og pusset opp en del ruter i Vestre Trollheimen. Dette var rapporten for 1961.

ERLING MYRHOLT

Nytt land i vest – Ytre Snillfjord

Da vegen frå Våvatnet til Ytre Snillfjorden vart opna for nokre år sidan, opna det seg samtidig eit nytt land for fjord- og fjellturistar. Ein bilveg fører no til Forra i Ytre Snillfjorden, og med dette har helgaturistane fått eit nytt område å boltre seg på.

Og for eit område!

Denne grenda og dette fjord- og fjellandskapet har vori så avstengt at det er ikkje mange som veit kva for eit Eldorado vi har her nett utanfor stuedøra til Trondheim. Jamvel *namnet* Snillfjorden er ukjent for mange, og eg råkar støtt på folk som ikkje har peiling på *kor* denne fjorden er.

Du kan velja to bilvegar når du kjem til Orkanger. Du kan ta av til høgre over Orkla til Gjølme, og så svinge opp Skjenalddalen attmed vegskiltet Snøsen. Eller du kan køyra til Fannrem, over Forve bru, opp Hemnevegen til Ødynhaug og her svinge av ved vegskiltet Krokstadøra. Dei to vegane møtest attmed nerenden av Gangåsvatnet (Snøsen). Vegen om Gjølme er omlag 5 km kortare enn den andre. Frå Snøsen er det ei mil opp til vegdelet ved Våvatnet. Vegen til Ytre Snillfjord tek da av til venstre, medan vegen beint fram går til Krokstadøra (Snillfjordbotnen) og Berg og Melvatnet (Slørdalsvegen). Attmed Våvatnet er du straks på høgfjellet, enda om det ikkje er så høgt over havet (350 m). I aust har du no Songli-terrenget, som er mykje omtala, men lite kjent av vanlege vandrarar.

Tek du vegen til Ytre Snillfjorden, kjem du først utover Langlidalen, med myrdrag opp i mot Omnfjellet (830 m) på sørsida og ei triveleg bjørkli på nordsida. Her var det slåttemark for ikkje mange

åra sidan. Du kan enno sjå tufter etter løer og setersel, og jamvel ei einsleg løe står att. No blir jorda kultivert til beite.

Langlidalen er ikkje *lang*. Snart bers det bratt nedover mot Vuttudalen. (Namnet kjem vel frå gamalnorsk. Ordet *ei vuttu* tyder ei våtlendt li der det er frodig grasvokster). Straks nedi bakkane har du Langlia opp til høgre, ein gard som vart øyde sist på 1600-talet, men som har vori driven som ein avlsgard eller seter til no. Beint i mot deg har du no Gråura, eit lite fjellmassiv med høgste topp opp til omlag 800 m, ein fjellrygg som ruver mektig både frå aust og vest. No opnar lendet seg mot sjølve Vuttudalen. Du er snart nedi ein fin, flat dalbotn. Her finn du den idylliske setergrenda åt vuttudalingane. Mange framande som kjem hit første gongen, stansar her. Dei vil ikkje lenger. I denne setergrenda vil dei kvila.

3 km lenger ned har du så Vuttudalsgardane. Til for nokre år sidan kunne du her finne ein liten «landsby» med to-tre husklynger, eit fellestun. Husa på gardane låg i lag, og jorda var i høgste monn teigblanda. No har det vori utskifting, og ein gamal idyll har vorti øydelagt — av praktiske omsyn.

Hittil har den vesle dalen vori etter måten flat og open, men med bratte fjell på båe sider, Vuttudalsmannen i aust og Gråur ryggen i vest. Eit trongare gjel, Svartholet, stenger no for, men dalen fører vidare nedover til Skårildgrenda. No får du den første kontakten med sjølve Snillfjorden.

Eg spår du blir overraska. Hadde du venta å finne ein «Vestlandsfjord» så nære Trondheim? — Eg trur det knapt. Men fjorden ligg no der. Ta turen ned til dampskipskaia på Skårild og du får syn for sanning. Austover ser du inn til Snillfjordbotnen (Krokstadøra). Vestover får du ein blenk av Hemnebygdene. Og beint i nord? — Bratte fjellveggen, far — og ein høg fjellvegg! — Men jamen ligg det ikkje *ein gard* på ei hylle nedmed sjøen. Med berre brattheng i kring! — Det er Villvangen, som før krigen var for ein brukbar gard å rekne, men som no er for isolert og difor i røynda nedlagt som gardsbruk. Skårild har ei lita, naturleg hamn. Lendet kringom kallar dei Knarlaget. Det må ha vori trafikk av knarrar her ein gong i tida. Namnet Skårild er nok gamalt. Opphaveleg var det namnet på elva her, Skårilla, som skal tyde «elva som skjer seg ned»,


eller «grev seg ned». Omlag same tydinga har Forra og Snilla. Fjorden har nok fått namnet sitt frå den siste elva, som kjem ut ved Krokstadøra. Forra-gardane ligg, som før nemnt, der vegen til Ytre Snillfjorden sluttar.

Vi tek vegen oppatt frå Skårildkaia og svingar vestover. Etter litt stigning er vi oppe på høgda ved Selmoa. Her tek vi ein rast og ser utover Ytre Snillfjorden og Hemnefjorden, som no opnar seg nokså vidt. Du blir truleg ståande ei stund her. På nordsida har du no dei 3 km lange og opptil 200 m høge Hafsmoberga, som stuper seg loddrett i sjøen. Trillar du litt lenger nedover vegen, vil du få sjå ein liten bekk som sprøyter vatnet sitt beint utover bergkanten på nordsida og beinast nedi sjøen, 10—150 m nedanfor. Dersom det er bra med vatn i bekken, skjønar du at det ikkje skulle så mykje fantasi til for å døypa denne fossen for *Migaren*, som namnet er den dag i dag.

På sørsida av fjorden er landskapet lunare, og vel komen ned frå Selmoa er du attmed fjorden ved Selnesgardane. Gardsnamnet tyder på at kobben, eller selen har vori her inne i større monn i gamaltida. At gardane nok er gamle, er det ikkje berre namnet som syner (— nes i ubunden form tyder at det er gamalt), men òg det at sjølve fjorden ein gong i tida heitte Selnesfjorden. Fjordane fekk ofte namn etter kjente gardar, og Selnes var nok eit «sentrum» i mellomalderen. Da var det nemleg kyrkje her, Selneskyrkja. Truleg datt ho ned i åra etter Svartedauden. Aslak Bolt nemner henne, men i hans tid (1450) var ho «niderfallen». Rart skulle det ikkje finnast noko att i grunnen her enno. Ymse funn under jorddyrking skulle tyde på det.

Vidare utover vegen har du no Vollamyrane på høggersida. Her er det retteleg blautmyr som er dyrka opp til fin åker og eng. Som vanleg på den tida, var slikt dyrkingsarbeid set på som vonlaust. Men gardbrukarane på Volla fekk det til. Desse gardane er vel òg gamle. På Vollaryggen, ei endemorene, som du no køyrer attmed, er det nok mange graver frå gammal tid som enno ikkje er opna. Fleire oldfunn tyder på det.

Etter ein tverrsving rundt Vollaneset kjem du inn i Vollabukta, «sentret» i Ytre Snillfjord. Her ligg Vennagardane (av det eldgamle



Vollanasset med Klungervikfjella i bakgrunnen.

Foto: Odd Irtun

ordet *vin*, som tyder gras — eller beitemark). Ruvande ligg dei som støe mёд i landskapet. Ein kilometer til, og du er ved vеgs ende, 90 km frå Trondheim, attmed Forra-gardane.

Her ute finn du natur av alle slag. Fjord og fjell og dal og li, småskog og fjellvatn, idyll etter idyll, mest same kor du snur deg, terreng for alle, små og store, eldre og yngre. Og i bygda bur eit stillfarande, sindig folk, utan store krav til tilværet. Dei fylgjer med i «utviklinga», sjølv sagt, men dei har aldri vori bortskjemde med å ha det lettvent. Lite har dei fått av Staten og lite har dei kravd av Staten. Her finn du ro. Her er du borte frå maset og jaget. Her finn du roleg natur — natur full av liv og venleik —.

På Vennaørane har du ein fin-fin teltplass, attmed sjøen der Venna-elva kjem ut. Herifrå kan du gjera mange framstøytar, til fjells eller til fjords.

Lat oss dra til fjells. Fjorden, med bading og fiske, finn du vel utor sjølv.

Etter ein halv times gonge opp den ville Vennadalen kjem du til eit smilande lite vatn og ei likså smilande setergrend, Volla- og Vennasetrane, med i alt 9 setersel og eit par hytter. Seterdrifta er nok slutt, men sela og høyløene og stølar som er dyrka, vitnar om at det ein gong var travelt her om somrane. Dåmen er der — freden og stilla. — Frå denne setergrenda finn du no høg fjellsterreng kor du vil. Her er lett å ta seg fram. Litt bratt av og til, men det gjer turane rikare. Og variasjonar er det nok av. Små vatn og tjønner finn du over alt. Fisk er det i dei, og råkar du på auren i rette humøret, kan du få både mange og store i dei fleste vatna. Men han er ikkje jamn til å bite, og ofte er det berre dei minste som let seg lure.

Går du beint sørover, kan du koma til Søvasslia etter ein 4—5 timars tur. Svingar du tidleg av austover, kjem du opp på Gråur-ryggen (800 m). Derifrå har du fint utsyn utover havet utom Hitra og Frøya, innover landet mot Trollheimen, og austover inn Trondheimsfjorden. Likar du å ferdast på fjelltoppar, har du rikeleg høve til det. Ein rask tur oppå Vennaknubben, til dømes, som reiser seg bratt og dominerande opp frå teltplassen din på Vennaørane, 400 m til vers, vil du sikkert ikkje ha noko i mot.

Om du i staden for å gå opp Vennadalen, ruslar utover til Forra og freistar stien opp til Forra-setrane, vil du få enno eit minne for livet — og du vil koma att og gjera turen oppatt og oppatt. Her, opp denne bratte troppa, traska setertausene i tresko, med bør-treet og bundingen, kveld og morgon, på veg til og frå seterstellet, — heilt til for få år sidan, slik dei gjorde det opp og ned Vennadalen.

Frå Forra-setrane kan du gjera ein tur rett sør til Berdalssetrane ($\frac{3}{4}$ time), dersom du maktar riva deg laus frå utsynet frå dei første. Frå Berdalssetrane att kan du traske vidare i lågt, fint lende ned til Vennasetrane ($\frac{1}{2}$ — $\frac{3}{4}$ time) og vidare ned Vennadalen til teltet ditt. Men er du først på Berdalssetra, må du ta avstikkaren frampå lia langsmed seterstien og sjå ned på Berdalsgardane. Det er vill vestlandsnatur over alt. Dette vesle fjellområdet har i det heile ein så skiftande natur at det er ideelt å ferdast her for alle som er glade i å traske i fjellet og oppå fjelltoppar. Beint sør for Berdalssetra har du Hogsgåsa (800 m) og Grønli (1 times gonge). Herifrå har du det finaste utsynet over Hollamarka, eit noko lågare lende, med



Utsyn mot Vollaseter, fjorden og leia

Foto: Odd Irtun

vatn og skogar, stølar og gardar, og vidare ut til Hemnebygdene og Nordmørs-fjella.

Er så denne vesle fjellheimen langt frå Trondheim? Å, ja. Men du kan med buss koma dit på 2¹/₂ time, og køyrer du sjølv, kan du kanskje klara deg med 1³/₄ time. Du kan som sagt, telte attmed fjorden, eller du kan òg finne deg ein fin plass attmed ei tjønn eller eit vatn. Rundturar er det så nok av. Ta med deg rektangelkarta Terningen og Rindal. Turar er lette å legge opp her. Du kan ta strake vegen til Søvdalen og derifrå ta Hemnebussen til byen sundag kveld. Men du kan òg gå nedatt til Snillfjorden og få buss der. Kanskje vil du heller gå over Gråura og ned i Vuttudalen. Der kan du stoppe bussen på setrane sundag kveld. Og mange andre turar kan du stikke ut. Du vil finne eit utal av dei. Likar du å ta det rolegare, kan du slå deg ned attmed eit vatn eller ei tjønn og freiste fiskelukka og ta deg ein svømmetur høgst sommars.

Rektangelkarta er ikkje heilt gode, men godt brukande til dei

nye kjem om ikkje så mange år. På Terningkartet finn du òg det fin-fine terrenget på nordsida av Snillfjorden, halvøya mellom Snillfjorden og Åstfjorden. Dette er enno for det meste «jomfruland» med omsyn til turistferdsle, men det blir vel etter kvart oppdaga når Slørdalsvegen et seg framover. På sørsida kjem det om nokre år storindustri (på Holla i Hemne), og kanskje kraftverk i Berdalen, dei ytste gardane i Snillfjorden. Det siste vil vel føre med seg gjennomgangsvog til Kyrksæterøra. Det er lite truleg at terrenget her da får vera så fredeleg lenger som det har vori til i dag. Men jamvel om sørsida av Snillfjorden blir «industrielt kultivert», så har vi enno nordsida og terrenget over åt Åstfjorden urørd. Dit kjem det ingen bilveg i vår tid, slik landskapet er og så grisgrendt som her er. Diforror vi over fjorden til Klungervika og villar oss inn i naturparken i dette høgfjellsterrenget. Vandraren vil òg her finne alt han ynskjer. Fjellvatn med kvikk fisk, rolege lier og dalar med kjent vegetasjon, myrer, som kan vera fulle av molt, om ein er heldig og råkar på ein sommar med rette veret. Vill natur finn han òg. Men ikkje vegar med støv og skyer etter bil. Han vil ikkje finne sportshytter. Eit og anna seterselet står vel att enno, men for det meste finn du berre så vidt syllstokkane att i tuftene. Kanskje finn du òg ei og anna stakk-stonga, frå den tida då bøndene leita seg «kraftfôr» innover alle fjell, der dei på ettersommaren strøydde etter vinterfôr, om det så var næringslaus finnskjegg til vomfyll. Livet i fjellslåtten var friskt og kanskje ikkje for strevsamt heller. Det var litt av romantikken i tida dette at høystakken vart sett til kvelds ein varm sommardag. Nokre aurar var dregne i næraste tjønna, og onnafolket kunne laga eit godt kveldsmål som slutt på ein strevsam dag. Aure surrande i panna over bålet i den siste fløyteskvetten som smurning, — det var første retten. Så kom dei siste kaldpotetane frå middagen og dei siste klattane av byggmjølsgrauten frå frukosten, alt rota i hop oppi panna. Det var nok eit festmåltid. Og den finaste vin hadde dei til maten, — den vesle saupskvetten som enno var att i halvanna-kannspanna, blanda med friskt vatn frå næraste kjelda —.

Vil du drøyma levande om dette, og vil du finna idyllar i ein natur som mennesket enno ikkje har «kultivert» alt for mykje, så får du det her ute ei sommarhelg —. God tur!